



Bremanger
kommune

Høyringsnotat



Framlegg til lokal forskrift

Skulerute for 2025 - 2026 Bremanger kommune



1. Bakgrunn:

Frå 1. august 2024 tråtte ny opplæringslov (oppl) i kraft. I høve dette, er det eit krav at Bremanger kommune utarbeider lokale forskrifter til ein skilde paragrafar i opplæringslova. Det er også ei plikt å offentleggjere lokale forskrifter i lovtidend når ny opplæringslov trer i kraft.

Ein av paragrafane det skal lagast forskrift til er:

- § 14-1 andre ledd Skulerute

Med bakgrunn i plikta har Bremanger kommune utarbeidd lokal forskrift for skuleruta 2025/26. Forskrifta blir lagt ut på høyring og er bygd opp i malen til Lovtidend.

Opplæringslova § 14-1 andre ledd,

Skulerute og lengda på skuleåret

3.1.Lovteksten:

«Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skoleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skoleåret.

Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om skole- og feriedagar for elevane (skulerute). Skole- og feriedagane skal planleggjast slik at eksamen og nasjonale prøver kan gjennomførast.»

3.2.Vårt framlegg til forskrift:

I administrasjonen sitt forslag til forskrift er det tatt utgangspunkt i skuleruta som Vestland fylke har vedtatt for fylket. Det er gjort nokre lokale endringar.